



Sjå adresseliste

Høyringsframlegg: Forskrift om fiske i vassdrag med laks og sjøaure i Rogaland 2008-2012

Framlegg til ny forskrift om fiske i vassdrag med laks og sjøaure i Rogaland for 2008 – 2012 er lagt ved. Uttale til framlegget kan sendast til Fylkesmannen i Rogaland før 15. januar 2008.

Fangst av laks og sjøaure i vassdrag blir regulert gjennom forskrift fastsett av fylkesmannen. I Rogaland vert desse fiskereglane gitt i "Forskrift om fiske i vassdrag med laks og sjøaure i Rogaland", sist fastsett av Fylkesmannen i Rogaland 01. mars 2004. Denne forskrifta blir revidert kvart femte år. Ny forskrift skal gjelde for sesongane 2008 – 2012.

Rettsleg grunnlag og retningslinjer

Fiskereglar og fisketider for fangst av anadrome laksefisk blir fastsett med heimel i lakse- og innlandsfiskelova etter retningslinjer frå Direktoratet for naturforvaltning (DN). Forskrift om fiske i sjøen blir fastsett av direktoratet, medan fylkesmannen har hovudansvaret for å utarbeide reglar for fiske i vassdrag. Lakse- og innlandsfiskelova har som formål å sikre at naturlige bestandar av anadrom laksefisk, innlandsfisk og leveområdene deira vert forvalta slik at mangfaldet og produksjonstilhøva i naturen vert bevart.

Innanfor desse rammene skal lova danne grunnlag for utvikling av bestandane med sikte på auka avkastning, til beste for både rettshavarar og fritidsfiskarar.

§ 4 i lakse- og innlandsfiskelova slår fast at: *"Anadrome laksefisk er fredet med mindre annet følger av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov. Det samme gjelder annen fisk i vassdrag og deler av vassdrag hvor det går anadrome laksefisk"*. Dette inneber at det ikkje er lov å fiske etter laks, sjøaure eller innlandsfisk på strekningar der det går anadrom laksefisk, med mindre det er opna for fiske.

Fylkesmannen kan opne for fiske i vassdrag med anadrom laksefisk, jf. delegeringsbrev frå Miljøverndepartementet av 24. februar 1993.

Nasjonale føringar for regulering av fiske i vassdrag

Nasjonale føringar og retningslinjer for regulering av fiske i vassdrag er gitt i brev frå Direktoratet for naturforvaltning 11. oktober 2007. Retningslinjene er i stor grad basert på St.prp.nr 32(2006-2007) om vern av villaksen og ferdigstilling av nasjonale laksevassdrag og laksefjordar. Proposisjonen gir klare føringar for regulering av fisket i kommande reguleringsperiode. Nedanfor fylgjer dei viktigaste retningslinjene for regulering av fisket.

Rammer for regulering av fiske i vassdrag

Den ytre ramma for fisketid i vassdrag er i regelen f.o.m. 1. juni t.o.m. 31. august. Det kan unntaksvis fastsettast ein tidlegare startdato for sesongen, dersom bestanden tåler det, og det er forsvarleg og sterkt ønskjeleg ut frå lokale forhold. Det kan òg fastsettast ein seinare

sluttdato for sesongen dersom bestanden tåler det. Det er likevel ein føresetnad at fisket vert avslutta før fisken endrar åtferd før gytinga.

Fisketida og reglar for utøving av fisket skal lagast slik at skeiv utnytting av bestanden (stort uttak av visse grupper) ikkje skjer. I vassdrag med mykje rømt oppdrettslaks skal fisket regulerast slik at det vert meir villaks i gytebestanden.

I vassdrag der rettshavarane ikkje er godt organiserte, og i vassdrag der det ikkje er etablert god oppfølging av alternative tiltak, skal fylkesmannen bruke fisketid som verkemiddel for å nå gytebestandsmålet. Dersom fiskekvoter vert nytta, må desse vere så små at dei reelt kan føre til auke i gytebestanden.

Føre-var-prinsippet

Forvaltning av fiskeressursane skal vera mest mogleg bestandsretta og kunnskapsbasert. Når kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt, skal føre-var prinsippet brukast aktivt ved regulering av fisket, vernevedtak og tiltak. Noreg er gjennom vedtak i Den nordatlantiske laksevernorganisasjonen (NASCO) pliktig til å nytte føre-var-prinsippet i all forvaltning av atlantisk laks. Dette inneber blant anna at det bare bør fiskast på dei bestandane som utnytter produksjonskapasiteten fullt ut, og at fiske på andre bestandar bør reduserast i størst mogleg grad. Mangel på kunnskap om bestandssituasjonen i eit vassdrag vil derfor føre til eit strengt forvaltningsregime. Dette vil til dømes gjelde for elvar med mangelfull fangstrapportering.

Gytebestandsmål

Norsk institutt for naturforskning (NINA) har på oppdrag frå direktoratet og i samarbeid med ein rekke andre institusjonar utvikla gytebestandsmål og rekna ut teoretisk gytebestand i til saman 180 vassdrag. Gytebestandsmålet vert definert som den gytebestanden som må til for at bestanden skal overleve på lang sikt (målt i tal på hoer). Bruk av gytebestandsmål som verktøy ved regulering av fisket fylgjer opp retningslinjene frå NASCO om føre-var tilnærming i lakseforvaltninga.

Gytebestandane i kvart vassdrag er rekna ut på grunnlag av fangsstatistikk og fisketrykk. Opplysningar om prosentvis uttak ved fiske i samanliknbare vassdrag i regionen vert nytta i vassdrag der ein ikkje kjenner til det reelle fisketrykket. Dersom ein ikkje har anna informasjon, må det leggest til grunn at 50% av den oppvandrande fisken vert teken ut ved fiske. Føre-var-prinsippet skal alltid vere med i desse vurderingane.

Dersom gytebestanden har vore lågare enn gytebestandsmålet i meir enn eitt av dei fire siste årene, skal det setjast i verk tiltak for å auke gytebestanden, slik at ein når gytebestandsmålet så raskt som mogleg.

I vassdrag der gytebestandsmål ikkje berekna, skal det etter skjønn avgjerast om gytebestanden er stor nok til å utnytte produksjonspotensialet i elva før ein opnar for fiske.

Dersom det ikkje førelegg fangststatistikk i vassdrag med sjølvreproduserande bestandar, skal ein ikkje opne for fiske.

Lokal forvaltning

I vassdrag med tilfredsstillande lokal organisering kan framlegg til fiskereglar lagast lokalt. Fylkesmannen skal berre gripe inn med endringar i rettshavarane sitt framlegg til fiskereglar dersom dei er i strid med målsetjingar eller retningslinjer gitt av DN.

Tilfredsstillande organisering er til stades når det er eit aktivt organ for fiskerettshavarane i vassdraget. Dette organet skal representera alle fiskerettshavarane og kunne ta avgjerder som er bindande for heile vassdraget. I tillegg skal det vera etablert eit godt

forvaltningsopplegg for den anadrome strekninga av vassdraget. Dette tyder mellom anna ein tilfredstillande fangststatistikk, oppsyn med fisket, og eit naudsynt opplegg for vurdering av bestanden si utvikling.

Endringar undervegs i reguleringsperioden

Dei nye fiskereglane skal som gjelde til og med 2012. I denne perioden kan det oppstå situasjonar der reguleringane må vurderast på nytt, og eventuelt endrast. Alvorlege endringar i menneskeskapte påverknader eller uventa kraftige svingingar i lakseproduksjon og innsig kan gjere det naudsynt å endre fiskereglane.

Dersom det i reguleringsperioden vert etablert tilfredstillande lokal organisering i eit vassdrag, skal reguleringsregimet vurderast på nytt etter retningslinjene for regulering av fisket (DN).

Framlegg til endringar

Gjeldande forskrift om fisketider og fiskereglar i vassdrag blei revidert i 2004. Endringane som er lagt fram i den nye forskrifta er basert på retningslinjene frå DN (forslag til ny forskrift er lagt ved). Regulering av fisket i sjø og elv vart diskutert i "Regionalt fagråd for forvaltning av anadrome laksefisk i Rogaland" 5. november 2007.

Suldalslågen og Bjerkreimselva er vassdrag der organiseringa er god. Fylkesmannen har motteke framlegg til nye reguleringsreglar for desse vassdraga. Før forskrifta verdt vedtatt skal fylkesmannen godkjenne at ein følgjer retningslinjene frå DN.

Til § 2. Fisketider

Berre vassdrag med endra fisketid blir nemnde i det følgjande. For Suldal og Bjerkreim har ein foreslått same fisketid som i dag.

Vassdrag som ikkje er nemnde i forskrifta

Vassdrag med laks og sjøaure som ikkje er nemnde i forskrifta har i dag fisketid frå 1. juli til 14. september. Den ytre ramma for fisketid i vassdrag er i regelen f.o.m. 1. juni t.o.m. 31. august. Det kan unntaksvis setjast ein tidlegare startdato for sesongen, dersom bestanden tåler det og det er forsvarleg og sterkt ønskjeleg ut frå lokale tilhøve. Det kan òg setjast seinare sluttdato for sesongen dersom bestanden tåler det. Statusen for fleire av desse vassdraga er ukjent. Fylkesmannen foreslår derfor at ny fisketid for desse vassdraga blir 1. juli til 31. august.

Sira, Kvasseheimselva, Orreelva, Storåna i Sandnes, Eiaelva, Førreelva, Kvaleelva, Grindeelva, Vågselva og Oselva

Fangst frå desse vassdraga har ikkje blitt rapportert til fylkesmannen. I vassdrag der det ikkje er fangstrapportering, seier retningslinjene til DN at ein ikkje skal opne for fiske. Fylkesmannen foreslår derfor å stenge fisket i desse vassdraga fram til ein har ei organisering som sikrar at fangstrapportering blir gjennomført.

Sokndalselva

Sokndalselva har i dag fisketid frå 15. juni til 20 september, onsdag til og med søndag. NINA har utarbeida gytebestandsmål for vassdraget. Gytebestandsmålet er berekna til 344 holaks (861 kg). Gitt eit fangstuttak på 50% har ein i Sokndal truleg vært over gytebestandsmålet dei siste åra. Sokndalselva er eit kalka vassdrag der bestanden er under oppbygning. For å sikre at laksen utnyttar heile vassdraget meiner fylkesmannen at det vil være fornuftig å utvide veke fredinga med ein dag. Vi foreslår derfor at ny fisketid i Sokndal blir 15. juni til 20. september, torsdag til og med søndag.

Hellvikelva

Hellvikelva har i dag fisketid frå 1. juli til 20. september. Fylkesmannen foreslår at ein ikkje set ei eiga fisketid for Hellvikelva, men følgjer fisketida for vassdrag som ikkje er nemnd i forskrifta (dvs. 1. juli til 31. august).

Fuglestadelva

Fuglestadelva har i dag fisketid frå 1. juni til 20. september. NINA har lagt fram eit gytebestandsmål på 193 holaks (387 kg) for Fuglestadelva. Med eit fangstutak på 50 % ligg vassdraget regelbunde under gytebestandsmålet. Retningslinjene til DN seier at dersom gytebestanden i eit vassdrag har vore mindre enn gytebestandsmålet meir enn ein gong dei siste fire åra, skal fangstuttaket reduserast. For å nå gytebestandsmålet så raskt som mogleg foreslår vi at ny fisketid for Fuglestadelva blir 1. juli til 31. august.

Håelva

Håelva har i dag fisketid frå 1. juni til 20. september. NINA har utarbeida gytebestandsmål for vassdraget. Gytebestandsmålet er berekna til 674 holaks (1821 kg). NINA har òg rekna ut storleiken på gytebestanden, som ligg nær gytebestandsmålet. I 2006 var berekna gytebestand under gytebestandsmålet. Av laksefangstane i 2007 var det 68% smålaks mot normalen på 90 %. Dette stemmer med situasjonen på landsbasis, med generelt dårleg innsig av smålaks. Fylkesmannen ventar derfor lite mellomlaks i 2008 og lite storlaks i 2009. For å redusere uttaket i Håelva foreslår vi at fisketida i Håelva blir frå 5. juni til 20. september.

Figgjoelva

Figgjoelva har i dag fiske frå 15. juni til 30. september. Den ytre ramma for fisketid i vassdrag er i regelen 1. juni til 31. august. Det kan fastsettast seinare sluttdato for sesongen dersom bestanden tåler det. NINA har sett gytebestandsmål for vassdraget; 749 holaks (2246 kg). NINA har òg berekna størrelsen på gytebestanden i Figgjo, som viser at gytebestanden ligg som regel over gytebestandsmålet, men har enkelte år har dropp ned mot gytebestandsmålet. I laksefangstane i 2007 var det 60 % smålaks mot normalt om lag 80 %. Fylkesmannen ventar derfor at det blir lite mellomlaks i 2008 og lite storlaks i 2009.

Sesongavslutninga for dei fleste andre vassdraga på Jæren er 20. september. Fylkesmannen kan ikkje sjå at tilhøve i Figgjoelva gjer at dette vassdraget bør ha seinare sesongavslutning enn andre Jær-elvar. Seinare sesongavslutning enn dei andre elvane fører også til auka fiskepress på slutten av sesongen. Vi foreslår derfor at fisketida i Figgjoelva blir 15. juni til 20. september.

Dirdalselva

Dirdalselva har i dag fiske frå 15. juni til 14. september. NINA har rekna ut eit gytebestandsmål for Dirdalsvassdraget 86 holaks (310 kg). I Dirdalselva har NINA ikkje rekna ut størrelsen på gytebestanden. Laksestammen har fram til nyleg vore rekna som utdøydd og vassdraget har i dag ein laksebestand som er kategorisert som sårbar. Jf. retningslinjene til DN skal det i vassdrag med denne kategori plasseringa i regelen ikkje opnast for fiske. Fylkesmannen meiner likevel at ein i Dirdalselva kan opne for fiske grunna ei sær sars positiv og stabil utvikling gjennom siste reguleringsperiode. Den ytre ramma for fisketid i vassdrag er i regelen frå 1. juni til 31. august. Fylkesmannen foreslår at fisketida i Dirdalselva blir frå 15. juni til 31. august.

Frafjordelva

Frafjordelva har i dag fisketid frå 15. juni til 31. august. Gjennom siste reguleringsperiode har ein ikkje hatt den gode utviklinga ein hadde venta seg i vassdraget. Fangstane og tettleiken av ungfisk er fallande. NINA har berekna gytebestandsmålet til 77 holaks (239 kg). Med eit fangstuttak på 50 % ligg truleg gytebestanden heilt ned mot gytebestandsmålet. For å sikre rekrutteringa i kommande reguleringsperiode meiner vi at fangstuttaket må reduserast.

Fylkesmannen foreslår derfor at ny fisketid i Frafjord blir frå 15. juni til 31. august, torsdag til søndag. Ved å ikkje opne for fiske måndag, tysdag og onsdag meiner vi at ein naudsynt del av gytebestanden kan nå opp til i Molaugvatnet utan å bli oppfiska.

Lysevassdraget

Fiskesesongen i Lyseelva er i dag frå 15. juni til 30. september. Den nasjonale ramma for fiske i vassdrag etter anadrom laksefisk er i regelen 1. juni til 31. august. Laksebestanden i Lysevassdraget er kategorisert som ein sårbar bestand, og som vert halden oppe med tiltak (kalking). Fylkesmannen meiner at ein i ein slik sårbar bestand som er under oppbygging ikkje kan opne for fiske ut over den nasjonale ramma. Fylkesmannen foreslår derfor at ny fisketid i Lysevassdraget blir frå 15. juni til 31. august.

Jørpelandselva

Jørpelandselva har i dag fisketid frå 15. juli til 7. september, fredag til og med søndag. Fylkesmannen meiner at det i Jørpelandselva ikkje finst særlege grunner for å ha sesonglengd ut over den nasjonale ramma. Fylkesmannen foreslår derfor at ny fiskesesong i Jørpelandselva blir frå 15. juli til 31. august, torsdag til og med søndag.

Årdalselva

Fiskesesongen i Årdalselva varer i dag frå 20. mai til 31. august, med fiske frå og med onsdag til og med søndag. NINA har utarbeida eit gytebestandsmål på 223 holaks (892 kg) for vassdraget. I Årdalsvassdraget har NINA også rekna ut storleik på naudsynt gytebestand. Denne utrekninga viser at gytebestanden ligger nær gytebestandsmålet. I 2004 låg utrekna gytebestand under gytebestandsmålet. Av laksefangstane i Årdalselva var det i 2007 18 % smålaks mot normale 30 – 40 %. Dette tyder på dårleg overleving for denne årsklassen. Vi vil derfor vente oss lite mellomlaks i 2008 og lite storlaks i 2009. I tillegg er det meldt om høge påslag av lakselus for utvandrande smolt i 2007. Vi kan derfor vente dårleg innsig av smålaks også neste år. Ut frå dette meiner vi at det er naudsynt å redusere fangstuttaket i Årdalselva. Fylkesmannen foreslår derfor at ny fisketid i Årdalselva blir frå 1. juni til 31. august, torsdag til og med søndag. Med ei slik regulering vil ein redusere fisket med om lag 20 fiskedøgn.

Ulla

Ulla har i dag fisketid frå 1. juni til 31. august, torsdag til og med søndag. NINA har utarbeidet gytebestandsmål for vassdraget på 46 holaks (178 kg). Gitt eit fangstuttak på 50 % har vassdraget truleg vore under gytebestandsmålet fleire gonger i siste reguleringsperiode. For å redusere uttaket foreslår vi at fisketida i Ulla blir 1. juli til 31. august, torsdag til og med søndag.

Nordelva og Storelva i Sauda

Fisketida i desse vassdraga er i dag 1. juli til 20. september. Laksebestandane i desse vassdraga vert i dag rekna som tapt. Det er laga ein tiltaksplan for Storelva, i samband med at ein ønskjer å få laksen tilbake. På bakgrunn av dette meiner fylkesmannen at det vil være fornuftig å redusere fisket i desse elvane i etableringsperioden. Vi foreslår derfor fisketid frå 1. juli til 31. august for desse vassdraga.

Vikedalselva

Vikedalselva har i dag fisketid frå 1. juni til 14. september, onsdag til og med søndag. NINA har rekna ut eit gytebestandsmål i vassdraget på 245 holaks (730 kg). Gitt eit fangstuttak på 50 % ligg gytebestanden over målet. Dei siste åra har ein likevel ut frå 50%-regelen fleire gonger vore nede mot gytebestandsmålet.

For å få betre kjennskap til den faktiske gytebestanden i elva vart det gjennomført gytefiskteljingar hausten 2007. Teljingane viste at det var langt mindre gytefisk i elva enn venta. Det vart til saman talt 117 villaks, 6 oppdrettslaks og 193 sjøaure. Med ein fangst i

2007-fisket på 283 laks gir dette eit fangstuttak på heile 70 %. Det faktiske talet på gytefisk viser at vi i år er langt under gytebestandsmålet for Vikedalselva. Dersom ein normalt har eit fangstuttak på om lag 70 % har ein i fleire år hatt ein overutnytting av bestaden. Dette kan vere med på å forklare nedgangen vi har sett i tettleiken av lakseyngel dei siste åra. Grunna lite smålaks og mykje lakselus i år, ventar vi også dårleg innsig i åra framover. Fylkesmannen meiner at dersom det i heile tatt skal opnast for fiske i Vikedalselva, må uttaket reduserast sterkt. Vi forslår ny fisketid frå 1. juli til 31. august, torsdag til og med søndag.

Rødneelva

Fisketida i Rødne er i dag 1. august til 14. september, fredag til og med søndag. Den nasjonale ramma for fiske er 1. juni til 31. august. For å unngå høgt fiskepress på slutten av sesongen meiner fylkesmannen at ein bør skyve sesongen fram i tid og slik harmonisere fisketida med nabovassdraga. Vi foreslår derfor at ny fisketid blir frå 15. juli til 31. august, torsdag til og med søndag.

Åmselva

Åmselva har i dag fisketid frå 15. juni til 14. september. Gjennom den siste reguleringsperioden har fangstutviklinga vore svært dårleg. I 2007 vart det kun fanga 112 kg laks og sjøaure mot over 600 kg laks og sjøaure i 2003. Fylkesmannen foreslår derfor ny fisketid frå 1. juli til 31. august.

Svendsbøelva

Svendsbøelva har i dag fisketid frå 1. juli til 30. september. Det er i dag svært låge fangstar i vassdraget, og uttaket bør reduserast. Fylkesmannen meiner derfor at ein fisketid ut over den nasjonale ramma vanskeleg kan forsvarast. Vi foreslår derfor ny fisketid frå 1. juli til 31. august.

Generelt om fisketider

Fisketidene kan bli revidert dersom det skjer større endringar i bestandssituasjonen i løpet av reguleringsperioden.

Til § 3. Døgnkvote

Retningslinjene til DN seier at dersom ein skal ha fiskekvoter, skal desse vere reelt avgrensande for fisket. Med ein kvote på 5 fisk, er det kun på Jæren at denne kvoten kan seiast å vere reelt avgrensande. Grunna forventingar om dårleg innsig av laks i åra som kjem, foreslår vi ei kvote på 3 laks og/eller sjøaure (totalt 3) per fiskar per døgn for alle vassdrag i Rogaland. Med unntak av Figgjo, Håelva, Søndre Varhaugselv, Nordre Varhaugselv, Fuglestadelva, Ognå og Hellelandselva, kor kvoten er 5 laks og/eller sjøaure (totalt 5) per døgn.

For Bjerkreimselva og Suldalslågen gjeld eigne kvoter som vert fastsett lokalt, sjå § 7a) og 7c).

Til § 7a. Særlege reglar for Bjerkreimselva

Bjerkreims- og Tengsvassdraget fellesforvaltning (BTF) tilfredsstillar kravet i retningslinjene frå DN, og kan derfor innanfor gitte rammor utarbeide fiskereglane lokalt. Før reglane vert vedtatt, skal dei godkjennast av fylkesmannen. BTF sitt framlegg:

"I Bjerkreimselva er det ein døgnkvote på 2 laks og/eller sjøaure i juni. I resten av sesongen er det ein døgnkvote på 5 laks og/eller sjøaure."

Til § 7c. Særlege reglar for Suldalslågen

Suldalslågen forvaltningslag tilfredsstillar kravet i retningslinjene frå DN til å kunne utarbeide fiskereglane lokalt. Før reglane vert vedtatt, skal dei godkjennast av fylkesmannen. Suldal forvaltningslag sitt framlegg:

"I Suldalslågen er fisketida nedanfor Sandsfossen frå og med 5. juli til og med 20. september. Ovanfor Sandsfossen er fisketida frå og med 15. juli til og med 30. september.

Lovlige agn er makk, sluk, spinner, wobblar og fluge. Det er ikkje tillete med reke og gulp.

Døgnkvoten er 3 laks og 5 sjøaure. Kvoten er personleg og gjeld frå kl 00.00 til kl 24.00. Fisk som blir sett ut att levende og i god form, blir ikkje rekna inn i kvoten. Det er ikkje lov å sette ut død, døyande eller alvorlig skadd fisk. Når ein fiskar har nådd døgnkvoten skal fisket avsluttast.

Laks som har uomtvistelege ytre kjenneteikn på å være rømt oppdrettslaks blir ikkje rekna inn i kvoten. "

Generelt

Vi minner om at lov om laks- og innlandsfisk med tilhøyrande sentrale og lokale forskrifter set dei ytre rammene for utøving av fisket, og at rettshavarane står fritt til å fastsette egne fiskereglar innanfor desse rammene. Fylkesmannen vil oppmode elveigarlaga om å følgje bestandsutviklinga tett og kvart år vurdera behov for regulering av fiske. Aktuelle tiltak for å redusere uttaket kan være å avgrense fisketida, strengare kvoter eller avgrense reiskapsbruk.

Innspel og høyringsfrist

Kommentarar til forskrifta må sendast til Fylkesmannen i Rogaland **innan 15. januar 2008**. Eventuelle framlegg til endring av fisketid må vera grunngjevne og ta utgangspunkt i retningslinjene frå Direktoratet for naturforvaltning.

Vi ber om at adressatane vidare sender høyringsbrevet til personar eller organisasjonar som kan tenkast å ha innspel til forskrifta.

Forslag til forskrift og meir bakgrunnsinformasjon finst på fylkesmannen sine heimesider: www.fylkesmannen.no/rogaland under menyvalet miljøvern -> fiskeforvaltning.

Med helsing

Per Terje Haaland
ass fylkesmiljøvernssjef

Trond Erik Børresen
fiskeforvaltar

Saksbehandlar: Trond Erik Børresen
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 07
E-post: trond.erik.borresen@fmro.no

Vedlegg: Forslag til ny forskrift om fiske i vassdrag med laks og sjøaure i Rogaland 2008 - 2012